



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 324/4 - Langeland - driftsbygning / reiskapshus – dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen, datert 27.09.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av ny driftsbygning/ reiskapshus på gbnr 324/4 Langeland.

Deler av eigendommen er omfatta av Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av fv. 244 plan ID nr. 125620170003. Det er pågåande arbeid med utbetring av fv.564, og grunnen som den eksisterande driftsbygningen står på per i dag, skal eksproprierast i samband med utbetring av Sagstadvegen.

Det eksisterande driftsbygget på om lag 330m<sup>2</sup> har vore nytta som reiskapshus, for mellom anna å kunne utnytte skogrettane som ligg til eigendommen. Tiltakshavar har no behov for å byggje eit nytt reiskapshus, slik at dei kan halde fram med den same utnyttinga av rettane som ligg til eigendommen.

Garden er per i dag ikkje i drift. Det er fire teigar knytt til eigendommen, og arealet på eigendommen er berekna til om lag 193 daa. Den nye reiskapsbygget er berekna til 240 m<sup>2</sup>.

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Tiltaket vil omdisponerer fulldyrka mark på ein større teig. Det er eit nasjonalt mål å omdisponere under 3000 daa årleg, og dette målet skal vere nådd innan 2025. Kommunen har eit klart ansvar for å nå dette målet. Vi vurderer det som uheldig for jordvernet og bygge ned dette området.



Vi har likevel forståing for tiltakshavar sitt behov for eit nytt reiskapshus, når noverande bygg vert ekspropriert. Det må eventuelt vurderast bygge kan plasserast ein anna stad, som i mindre grad rårkar dyrka mark.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN